


# KAPPSTRIDEN

fortalt Reidun Mellem  
Ill.: Johan Dalheim

Denne hendinga er fortald til forfattaren av Kalle Eriksen, Skibotn — som sjølv har hørt ho av hovudpersonen Petter.



Han Petter Mauno måtte truleg vere den gladaste guten i heile Enontekiö sokn nett no. Kva var det vel ikkje som hadde hendt her eine dagen? Det kom brev til han — og det var i seg sjølv ikkje så uvanleg — som handelskar var det ofte at folk hadde bruk for å skrive til han, men dette brevet var det noko særskilt med: Tydeleg jenteskrift — og postlagt på det fjerne Lyngseidet borte i Noreg — bakom både landegrense og fjell og fjord. Hadde så han Petter Mauno

kjenningar der? Det kunne vel hende — ein handelskar har mange kontaktar på ulike stader. Men på Lyngseidet? Der også — faktisk så hadde han ein sær god kjenning der for tida — ho Alida. Kven ho var? Ingen andre enn den vakraste jenta i heile Markina og i Kaaresuvanto og i alle bygdene rundt omkring — det fantes ikkje den som kunne måle seg med ho Alida Pauno.

No hadde ho vore borte ei tid — var reist til Noreg for å helse på to av

venninnene sine, ho Mathilde og ho Gustava, som begge hadde fått seg tjenesteplass på Lyngseidet, visstnok hos storhandelsmannen der, han Giæver. Og derifrå sende ho no brev til han — om han ville kjøre alle dei mange milene over fjell og vidder ned til Skibotn i Lyngen for å hente henne der når ho kom dit med onsdagslokalen? OM HAN VILLE? Det var ikkje mykje anna han heller ville enn det! Den kvikke, lille hesten hans hadde tråva den vegen mange gonger

før — med reinkjøtt og smør og skinn og andre varer for sal på Skibotn-marknaden, og med kaffe og mjøl og sukker og fisk og tauverk og meir til attende til Finland. Men no skulle det vel bli ein heilt annan slags tur. Med den vakre og livlege Alida i sleden ville dei 20 milene over vinterviddene gå som ein dans — om det var sjølv kaldmånaden februar aldri så mykje!

Hesten fikk no stell og for som aldri før — slede og seletøy hadde vel knapt vore så velflidde til nokon tur tidlegare — og kjørerekaren sjølv, som alltid var ein stram kar å sjå til, velkledd og staseleg, han gjorde seg ikkje mindre umaken denne gongen!

Så kom dei då i veg — i god tid før onsdagen. Han ville ha tid til å stelle skikkeleg med hesten og med seg sjølv før han skulle møte opp på kaia på Skibotn — for å ta imot lokalbåten og ho som då kom.

Første dagen kjørte han opp til Sikkavoupio, eit av dei små gardsbruka som ligg langs grense-elva mot Sverige. Her var fast overnattingsplass for ferdafolk på veg til Lyngen — til havet. Det var for langt å ta heile strekinga i ein jafs, så det var vanleg at dei fikk hus til både hesten og seg sjølv på slike steder, endå om plassen var heller trong i både stue og stall.

Tidleg neste morgon gav dei seg på veg att, Petter og hesten hans. No nådde dei fram til Keinovoupio før kvelden. Først var bra og hesten sprek, så milene gikk fort unna. I skjønninga tredje kvelden kjørte dei inn på tunet til fjellstua på Silas. Herifrå kunne dei rekke fram til Skibotn på ein dag. Petter gikk tidleg til ro, men han hørte at det kom inn folk og hestar seinare på kvelden.

Det var difor fleire kjørerekar som hadde vore der natta over, så det var mykje ståk då alle skulle gjøre seg istand til å dra vidare. Petter la spesielt merke til ein av dei, han Emil Koivo frå Kaaresuvanto. Han dreiv og stelte den store hesten sin då Petter kjørte ut frå tunet, og han syntes at den andre såg så rart på han med det same han for forbi. Men han tenkte ikkje noko nærmare over det — no gav han seg i kast med viddene innover mot grensa. Kjørvegen var såpass hardtrampa at den lille hesten hans flaut oppå, så det gikk fort unna. Merkestaurane på sida av vegen forsvann attover alt i eitt, den eine

etter den andre. Han Petter kunne sitte i fred med tankane sine — hesten visste vegen av seg sjølv. Dombjøllene singla og song innover moane frå Silas, men deretter gikk det meire trått, for no tok vegen av oppover åsen mot norskegrensa. Oppe på høgda fikk hesten ei god kvil. No var det unnabakkane nedover til Galgojavre, og deretter ein halv mils veg etter isen. Grensa hadde han no like framfor seg, i skråninga ned mot vatnet. Det var ikkje vanskeleg å sjå vintervegen bortetter isflaka — han Høgh, styraren for fjellstua på Helligskogen, hadde ansvaret for at vegen over isen var skikkeleg merka med bjørkeris på sida mot fjellet. Det arbeidet var vel gjort denne vinteren også. Ei lang rekke med småbjørk stod på kvar sin issokkel bortover vatnet — og med *dobbel* merking — ei busk på kvar side av kjørvegen — for å markere byrjinga og slutten på vegen over vatnet.

Oppover Galgohøgda, i bortaste enden av vatnet, var vintervegen merka med staurar som stod på steinsokkel. Her var ganske stor ferdsel mellom grensebygdene — handelen gikk livleg landa imellom — spesielt under dei store marknadene nede på Skibotn — i november og i januar. Difor var fjellstua bygd, og difor var det ordna med god merking av vintervegen.


Snart var dei nede på isen, og hesten langa ut. Då såg han at han ikkje lenger var åleine på vegen. Nedover bakkane mot vatnet kom ein hest i god fart. Kven kunne det vere? Det var ein stor, kraftig hest, og kjørerekaren jaga på i eitt. Snart var han nede på isen, og kom etter i fykande fart. Petter såg tydeleg at den andre hesten drog innpå. Kven kunne det vel vere som hadde det så travelt? No reiste mannen seg opp i sleden — han svinga sveipa og skreik til hesten — gong på gong susa sveipa i lufta, og hesten rasa avgarde. Då drog Petter kjensel på både hest og kjørerekar — Emil var det — han som hadde sett så rart på han om morgonen. Kva ville vel han — sidan han jaga slik på hesten? truleg ikkje noko godt. Petter tok til å jage på sin eigen hest. Han sette opp farta så godt han kunne, men den store hesten drog stadig innpå. Det var reint nifst med den skrikande, piskesvingande mannen der bak i

sporet, så no fann også Petter fram sveipa. Han var straks ferdig med Galgojavre — vegen gikk no oppover den dryge Galgohøgda — og der var det nok fare for at den lille hesten hans ville tape for den store. Kva ville han eigentleg — mannen der bak? Hadde han så viktig ærend til Noreg? Hadde han kanskje hørt noko om kven som skulle komme til Skibotn med lokalbåten? Hesten pesa seg oppover bakkane — pusten stod som ein røyk omkring hovudet, og sveitten begynte å piple fram, — laga alt striper nedover flankane. Korleis gikk det med han som kom etter? Då var det han såg det — den andre hesten greidde ikkje å halde farta oppover bakkane. Han var stor og tung — han sokk igjennom! Det var berginga! Petter runda den siste bakketoppen med godt mot. No bar det nedover for det meste — mot fjellstua der nede i Helligskogen. Med skumsveitt hest kjørte han inn på tunet der. Erika Høgh, søstera til styraren, kom ut. Ho var hestevant og såg straks at denne hesten trengte til ekstra stell. Ho leidde han inn i «bikkustalli» — hennes eigen, gnei skummet at han og stelte vel med han. Inne i fjellstua fikk Petter kvile ut — han var ein god ven av huset — og han gav seg tid — ville vel helst ikkje møte den andre heilt åleine. Han skulle få tid til å kjøre nedover til Skibotn i forvegen, dersom han ikkje ville komme innom fjellstua. Petter blei sittande hos dei vennlege menneska der utover kvelden, *måtte* nærmast det, — for Erika Høgh var ikkje den som sleppte ein skumkjørt hest ut på vegen så altfor snart. Han måtte gje seg tid natta over på Helligskogen, — først neste morgon kom dei seg på vegen att. No var det berre tre mil ned til fjorden — til Skibotn — omtrent berre unna-bakkar og med slette moar imellom, så det måtte gå greitt. Det gjorde det også. Dei kom fram til Skibotn utan fleire problem. Han kjørte inn til gamle Karvonen, der han som alltid før blei helsa velkommen. Han rusla ned på kaia då lokalbåten viste seg ute på bukta — og der ombord fann han no Alida, som var strålande glad for at han hadde komme den lange vegen for å hente henne. Ho spurde om han hadde hatt følge med nokon over fjellet, men Petter sa nei. Han ville helst ikkje snakke om det han hadde opplevd på Galgojavre. Til Emil såg

han ingenting, og det var han berre glad for. Dei blei hos Karvonen natta over, og neste morgen gikk turen tilbake til Finland. Emil såg dei framleis ikkje noko til, og Petter fann ingen grunn til å spørje etter han heller. Han hadde vel sin veg og sine ærend å gå.

Veg? Nei, det hadde han Emil ikkje — det var akkurat det han ikkje hadde! Han — eller rettare sagt: hesten — stod der han stod og kunne ingen veg komme, ikkje utan god mannshjelp, i allefall, og kor skulle han få det ifrå — her oppe i ville fjellet? Kva var det så som hadde skjedd. Ja, det var mykje. Då han såg at Mauno — hesten drog ifrå han oppover bakkane frå Galgojavre, då skjønnte han kven det var som ville bli den første nede på Skibotn. Men då han såg at sleden hans Petter stod inne på tunet på fjellstua — då visste han at han sjølv likevel ville komme først, — riktignok utan det oppgjøret han hadde tenkt han skulle få der ute på isen. Han ville vite kva Petter Mauno hadde i Skibotn å gjøre akkurat no. Det var jo han sjølv som skulle hente Alida — ho hadde då nyleg skrive og bede han om å komme dit ned. Korfor dreiv då denne Mauno-karen og lurte seg avsted i forvegen?

Han var sveitt og sint og jaga enno på hesten. Langt der nede såg han fjorden. Når han berre blei ferdig med brattskråningane nedover forbi Rovijokk, så var det mest berre slette vegen nedover til bygda. Han kjørte fort og uvørent — ein sterk mann med ein sterk hest treng ikkje å vere så forsiktig — og dermed var det at det skjedde: Omlag 500 m ovafor fossen sklei hesten plutselig ut av vegen og rausa nedover den bratte skråninga mot elva, vel 40 m lenger ned. Det heile gikk så fort at han ikkje fikk tenkt ein tanke — utanom det å klore seg fast i sleden. Snøkovet stod høgt til vers — det singla i is som blei knust — og så stod dei nede på elva. Han venta det verste, — hesten måtte då ha brekt skankane, minst — men ingen skade var å finne, utanom det at skoklane var brekt av. Hesten og sleden hadde blitt bremsa noko idet dei gikk gjennom skjellisen som hadde danna seg på elva om hausten då vassføringa var stor, så difor landa dei på islaget under — utan nemneverdige skadar. Sjølv var han nokså fortumla, men heil på alle



vis. Problemet ville bli å få hesten og sleden opp den bratte skråninga mot vegen. På denne strekninga var elva slett ikkje farbar med hest, så her var inga lett kjøpt løysing i sikte. Men han var godt kledd, hadde mat med seg, og for til hesten, så det ville vel bli eitt råd når han fikk tida på seg og fikk tenkt seg om.

Tre dagar seinare kom han Emil Kodavoupio inn på fjellstua i Helligskogen. Om det fantes folk der som kunne hjelpe han med å få hesten opp på vegen? Kor han hadde vore alle desse dagane? Det skulle dei snart få sjå. Fire mann sa seg viljuge til å bli med han — karar nede frå bygda som låg på rypefangst der oppe. Det var han Lars Peder-Jens frå Falsnes og han Hento-Lars og han Bekko-Peder og han Rasmus Eriksa — også kalt Nammo — frå Skibotn, den sistnemnde ein av sønene til gamle Erik Karvonen. Desse karane var det som seinare kunne fortelje kva som eigentleg hadde gått føre seg her. No vandra dei i lag med han Emil nedover mot Rovijokk, og endå dei visste kor dei skulle sjå etter hesten så kunne dei ikkje få auge på han oppe frå vegen. Då kunne dei skjønne korfor ingen hadde oppdaga dei der nede desse dagane, enda det jamt for folk forbi der kvar dag. Det var svært bratt nedover til elva, men dei kom

seg då ned til hesten. Der stod sleden med nye skoklar — det hadde Emil greidd å få til ved hjelp av det han sjølv hadde med av reidskap: øks og kniv. Han hadde kanskje funne ein utveg til å få opp hesten — nokre meter nedover langs elvekanten og så opp eit lite skar mot vegen. Dei trampa is og spadde snø — jamna til veg for hesten og sleden. Og opp kom dei til sist — etter mykje slit. Emil kjørte så nedover til Skibotn, og deretter heim til Finland.

Det stod ei bjørk nedafor vegen der hesten han Emil tok kursen ned mot elva — og den bjørka blei sidan heitande EMILIN-KOIVU, Emilbjørka, men det var også mange som kalla ho for Kjærlighetsbjørka. Om ho står enno? Kanskje gjør ho det, — kjentfolk kan i allefall vise deg kor ho har stått. Om det er lenge sidan dette hende? Nei, ikkje serleg lenge sidan — seksti år blir det vel no i februar.

Korleis det seinare gikk, det skal du også få vite, — for det vil du vel? Alida blei gift med Emil, og dei fikk ein stor barneflokk — visstnok 6 ialt. Petter? Nei, han gifta seg aldri, — han liksom ikkje interesserte seg for jenter meir. Han var ofte nede på Skibotn på hendelsturar, og då tok han alltid inn hos gamle Erik Karvonen — han var jo alltid velkommen der, veit du.